

Høyringsvar – skulestruktur i Innlandet fylkeskommune

Innlandet fylkeskommune ynskjer innspel i skulestruktursaka. I utgangspunktet burde fylkeskommunen stoppe heile prosessen i denne omgang, da utgreiingane og kunnskapsgrunnlaget står til stryk. På tross av dette, her er svar på nokre av spørsmåla fylkeskommunen har stilt.

- *Opplevs fordelingen mellom studieforbereidende og yrkesfag hensiktsmessig for å tilfredsstille fremtidige behov i arbeidslivet?*

I Ottadalen er byggfaglina særskild viktig for rekrutteringa til byggfagyrket (viser til høyringsvar frå næringa i dalen for understreking og utfyllande kommentarar). Lom har ei yrkesfagline med eksepsjonell høg gjennomføringsgrad (95-100% dei siste åra) og 100% formidling. Til samanlikning så greier vi på landsbasis å få gjennom 70% av elevane etter 5/6 år, og i 2020 var det 76% som fekk læreplass. Det vil vera å skyte seg sjølv, og næringslivet i Ottadalen, å leggje ned byggfaglina i Lom.

Innlandet er det største landbruksregionen i Norge. I fylgje fylkeskommunen sjølv gjev jord- og skogbruk grunnlag for 10 milliardar kroner i årleg verdiskaping her. Dette kjem ikkje av seg sjølv. Det er viktig med rekruttering til yrket, men da må det også vera mogleg for utdanning der folk bur. Allereie i dag må dei fleste i fylket reise langt for å få tilgang til desse utdanningane (sjå figur 1). Med forslaga som ligg på bordet nå vil dette bli enda verre, attraktiviteten til utdanninga vil gå meir ned og rekrutteringa stoppe opp. Det betyr faktisk noko for den einkilde sitt val kor langt det er å reise heim, også i helgene. Bli reisevegen så lang at du knapt nok kan vera heime eit døgn før du må reise att, fell det valet fort burt.



Figur 1 Kart over naturbruksskuler i Innlandet, henta frå Innlandet fylkeskommune si heimeside.

- *Hvordan kan vi tilrettelegge for borteboere bedre enn i dag? Spesifiser gjerne samarbeidstiltak i og med den enkelte vertskommune, hjemkommune, fylkeskommunen og eventuelt andre aktører.*

Første punkt må vera at elevane har eit val. Å leggje til grunn ei undersøking som er gjort på eit lite utval borteboarar på slutten av eit skuleår har absolutt ingen verdi. Dette er stort sett elevar som har vald dette sjølve, og dei som ikkje har greidd tilværet har dutte av for lengje sidan.

Ved å tvinge fleire elevar over i hybeltilværet overfører ein dei økonomiske belastningane til husholdingane. Den symbolske summen fylkeskommunen har avsett, kjem ein ikkje veldig langt med, og den kan fylkeskommunen også i neste omgang velje å avslutte. Dette er dårleg distriktspolitikk. Det er allereie økonomisk ulikskap mellom by og land, og dette vil forsterke desse ulikskapane. I tillegg vil dette fungere som ein sjølvoppfyllande profeti; er det ikkje skular, vil ikkje folk flytte hit og bu her.

Fylkeskommunen har også eit stort, lovfesta ansvar for dei elevane som må flytte på hybel. Er det rekna på kor mykje dette vil koste? Er det ikkje husvære til elevane er fylkeskommunen pliktig til å byggje elevheimar.

- *Hvordan kan fylkeskommunen best ivareta elevgrupper med særskilte behov i framtidig struktur, herunder elevene som i dag går på Nordstumboen?*

Elevane må ha tilgang til vidaregåande skule i sitt nærmiljø. Ei nedlegging av utkantskulane er diskriminerande mot dei som har vanskar med lang reiseveg. For mange vil dette bety at dei ikkje får gått på same skule som sine jamaldringar (sjå gjerne likestillings- og diskrimineringsloven Kapittel 2 §8.) Dei som har kapasitet til å klare reisa, kan måtte bruke spesialtransport og ha med fylgje, og dette vil koste fylkeskommunen mykje meir.

- *Ungt utenforskap er en økende utfordring. Det å ha fullført videregående opplæring har stor betydning for å sikre varig fotfeste i arbeidslivet. Hvordan bør den videregående skole- og tilbudsstrukturen utformes for å sikre at flere fullfører videregående opplæring?*

Lom vidaregåande skule er eit eksempel på at ein ikkje treng vera stor for å vera best. Skulen har høg oppfyllingsgrad, stabile søkjartal og formidabel gjennomføringsgrad. I staden for å leggje ned denne skulen, bør fylkeskommunen sjå dit for å lære. Skulen ligg langt over det som er målsetjinga for gjennomføringsgrad, både fylkeskommunalt og nasjonalt.

Å tru at alle desse elevane vil greie seg like bra om dei blir tvinga inn på ein skule dei ikkje ynskjer å gå på, får 3 timar reiseveg kvar dag, eller i verste fall må bu på hybel, er i beste tilfellet ei ynskjetenking og i realiteten ein utopi.

Ekseth påstår (ettermiddagssendinga på P1, 27/8) at det er å få gå den lina ein ynskjer seg som er avgjerande for om eleven fullfører eller ikkje. Kva slags forskning baserer han det på? Og korleis gagnar dette dei svakaste? Dei vil alltid stille bakarst i køen, og om dei da i tillegg til ikkje å få fyrstevalet sitt ikkje får bu heime, kan det bli ein skrøpeleg cocktail som fører til større fråfall.

Elevane må i alle fall ha høve til å velje å gå på skule i sitt nærmiljø. Så kan dei som verkeleg ynskjer å reise lenger for å gå noko anna gjere det. Ved å ta bort dette valet diskriminerer ein elevane i utkantane. Deira livskvalitet blir forringa ved at dei må bruke store delar av dagen sin på transport. Dei vil ikkje ha høve til å bidra i samfunnet (frivillig/idrett/arbeid) på same måte og dei vil ha mindre tid til eit sosialt liv. Dette vil utan tvil bidra til auka fråfall.

Forslag

- Behald distriktsskulane. Sjå på høva for tettare samarbeid mellom skular der reiseavstanden ikkje er så stor, da særskild i byane.
- Bruk pengar på vidaregåande. Innlandet er ikkje av dei fylkeskommunane som brukar mest pengar på vgs. Eg meiner ikkje at det er eit mål å bruke mest, men det burde i alle fall ikkje vera eit mål å bruke minst. Det er livskvaliteten til ei stor gruppe menneske det er prat om, og livskvalitet er også viktig for gjennomføring.
- Gjer om på finansieringsmodellen. Stykkprisfinansiering gagnar dei største. Her tek ein ikkje omsyn til stordriftsfordelar.

Politikarforakt er eit reelt problem. Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn er eit makkverk. Dei som meiner at innspela som ha kome inn ikkje er relevante bør stikke fingeren i jorda. Alle desse innspela fortel at innbyggjarane meiner nærskulane er viktige å prioritere. Dersom du som politikar meiner du veit så mykje betre enn alle andre, vil eg minne deg om orda til Høvdingen; Erik Bye:

«Politikere må engang lære, både i Noreg og andre steder, at de er ikke våre herrer. I demokratiet skal de være klar over hver eneste dag de våkner og eneste kveld de går og legger seg, at de er våre tjenere!

De er folkets tjenere, de skal stå i giv akt, for oss, i demokratiet. Det er noen av dem som tror at de er blitt herrer. Men der tar de faktisk feil. Der må de engang lære, at de tar feil. Ellers er demokratiet bare dillball.»

Skjåk Bonde- og Småbrukarlag
v/ leiar Guro Grimstad